



Hordaland fylkeskommune, egedomsavdeling  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Tilsyn 2017 - brukar avd. Vatle

Voss gymnas avd. Vatle

Voss brannvern gjennomførte branntilsyn den 15.12.17 i ovannemnte objekt. Tilsynet vart gjennomført i medhald av lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13, 2.ledd og forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 18.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i forhold til krava i forskrift om brannførebygging og forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta).

Til stades ved tilsynet:

For brukar: Arild Een  
For eigar: Stig Rogne og Øystein Fjose  
For tilsynsmyndigheit: Harald Rongen og Geir Ove Pedersen

### Innleing

Hensikta med tilsynet var å vurdere om eigar/brukar ved objektet arbeider systematisk med branntryggleiken innanfor områda:

- Rømningsforhold og rømningsikkerhet
- Brannvernopplæring og øvingar - brukar
- Risikovurdering og handlingsplan - brukar
- Kontroll, ettersyn og vedlikehald av branntekniske installasjonar og utstyr - eigar
- Eigenkontroll og avviksoppfølging - eigar

### Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapporter, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon for temaområdet. Deretter vart det føreteke ein verifikasjon/kontroll på området, samt intervju for å verifisere at krav er oppfylt.

### Oppfølging etter siste gongs tilsyn

Førre branntilsyn vart avhalde: eigenmelding 2016.

### Definisjonar:

Avvik:  
Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Merknad:





Forhold som tilsynsmyndighetene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Kommentarar:

Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

### **Avvik**

Det vart ikkje avdekka avvik eller merknader i høve det som var tema under tilsynet.

Brukar opplyste at ny risikovurdering skal gjennomførast 9.januar. Ein føreset då også at unormal risiko vert vurdert og naudsynte tiltak iverksett (t.d. bruk av bygg til sporadisk overnatting).

I ettersendt kontrollrapport på brannalarmanlegg, er det opplyst at representant for eigar gjennomfører sjølv «kontroll av alarm- og varslingsfunksjoner». Ein føreset at dette er gj.ført og dokumentert hjå eigar.

Med helsing  
Voss kommune  
Brannvern

Geir Ove Pedersen  
varabrannsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Mottakar:  
Voss Gymnas  
Hordaland fylkeskommune, eigedomsavdeling